



Veke 1, 4. januar 2023

President Anne Wiik Stamsø opna det første møtet i det nye året med diktet «Månen» av Haldis Moren Vesaas (1907–1995). Så vidt referenten har greidd å finne ut, publiserte ho første gongen dette diktet i boka *Bilder, rim og regler* (H. Aschehougs & Co 1962), band 5 i serien *Barnas verden* – med ei teikning av målareren, teiknaren, grafikaren og illustratøren Tonje Strøm Aas (1937–1910), som vist nedanfor til høgre.

Det var ingen gjester denne kvelden, men elles var det godt frammøte. Referenten må vedgå at han gløymde å telje kor mange vi var.

Presidenten fortalde at Anniken Ausen dessverre må melde seg ut or klubben på grunn av helseproblem, men at ho ikkje ser bort ifrå at ho kjem tilbake seinare.



Det var tre **Tigris**-innlegg:

- Edrund Olaisen kunne fortelje at mannen hennar, Jan, hadde dotte på glatta og brote lårhalsen. På toppen av det heile hadde kan fått korona.
- Rolf Theil skal neste onsdag, 11. januar, halde føredrag i *Kvindernes Læseforening* i Porsgrunn, over emnet metaforar og metafor-teori.
- Rolf Heimdal hadde ei helsing frå venene våre i *Panevėžis Rotary Klubas* i Panevėžys, Litauen.

Månen

Månen er så gul og rund.
Auge hare han, nase, munn.
Ingen bein, det eg kan sjå,
enda kan han stå og gå,
stå opp, gå ned, rund og gul.
Pytt, han trillar som eit hjul!

Haldis Moren Vesaas



Resten av møtet gjekk med til komitearbeid, der emnet var førebuinga til **Rotarylekene**, som vi skal skipe til i Skjærgårdshallen 25. mars 2023.

Langesund, 5. januar 2023,
Rolf Theil